

STAMNKARAKTERISERANDE SKIPS- OG BÅTNEMNINGAR

Knørr og geitbåt

ELDAR HEIDE

Når ein kjenner att ein båttypa på avstand, er det kanskje særleg stamnprofilen ein ser på. Da er det ikkje anna enn ventande at mange nemningar for båt- og skipstypar medar på stamnprofilen. Eg skal gå gjennom nokre av dei som frå før er identifiserte som slike, og føreslå to til. Den norrøne nemninga *knørr* (flt. *knerrir*) meiner eg medar på at stamnen opphavleg var attbøygd, slik at *knørr* i prinsippet er synonymt med *krumstemning*. Det bygger eg på at *knorr* og *knarr* / *knærr* fram til våre dagar, i Nord-Noreg og Österbotten, har vorti brukt om småbåtar med slik stamnform, og at nærskyldte ord der og elles i Norden generelt blir brukte i tydinga 'sterkt oppbøygd' eller 'attbøygd'. *Knørr* har da opphavleg kunna brukast om kva skip som helst med slik stemning, og ikkje opphavleg tydd 'lasteskip', slik som i sogene frå høgmellomalderen. Nemninga kan ha vorti knytt til dei store, havgåande lasteskipa fordi dei fekk slik stamnform, medan ein slutta med det på andre skipstypar. Den andre båttypenemninga eg drøftar er *geitbåt*, som blir brukt særleg om nordmørsbåten. Truleg hadde også Trøndelag den båttypen fram til 1700-talet, og da kan *geitbåt*, i kontrast til den nordnorske *knorren*, forklarast som "båt med framstikkande stamn, lik halsen på ei geit".

Kjende stamnkarakteriserande båttypenemningar

I *Altnordisches Seewesen* tolkar Falk fleire av nemningane på mellomalderbåtane og -skipa som stamnkarakteriserande. Her nemner eg berre *skúta*, fordi det er ein sentral båttypa som kanskje kan knytast til arkeologiske funn. Ei *skúta* var eit lite, lett og raskt skip. I motsetnad til dei store skipa, vart det




Fig. 1.
Skuldelev III.
Etter Crumlin-
Pedersen 2002: 229

(normalt) målt etter talet på årepar, ikkje sessar (benker) (Falk 1912: 95). I dei døma Falk nemner, har *skútur* frå 8 til 15 årepar. Grensa kan ha gått ved 15, for det eine av dei med 15, blir kalla *langskip*, som *skútur* elles blir skilde frå. (ibid. Til jamføring kan nemnast at Gokstadskipet har 16 årepar, men det er uvisst om nemninga *skúta* vart brukt så tidleg som på Gokstadskipet si tid.) Nemninga *skúta* forklarar Falk slik: "Wie so viele andere Schiffsnamen bezieht sich vielleicht auch *skúta* auf die Form des Stevens (vergl[eich] a[lt]nord[isch] *skúti* "über-häng-ender Felsen")" (ibid: 97). Nemninga *skúta* skal altså komma av at stammen heng utover, stikk ut, som ein *skúti*. Ásgeir Blöndal Magnússon (1989) stør tolkinga. *Skúti* er i slekt med norrønt *skutr*, m. (=nynorsk¹ *skut/skott*) 'trekanta rom mellom ordinære rom og stamn i ein båt'; begge orda er avleidde av verbet *skjóta* 'skyte (fram)'. Men *skúti* er det ordet som står nærast *skúta*, sidan *skutr* hadde kort vokal, *u*, mot lang vokal, *ú*, i *skúti* og *skúta*. Båttypenemningar som svarar til *skúta* finst òg i andre germanske språk, venteleg lånte frå nordisk.

Tolkinga til Falk høver med Skuldelev 3-båten, som skal vera frå ikring 1040 (Crumlin-Pedersen 2002: 239). Med sine 7 årepar kan det ha vori ei *smáskúta*, og stammen har vori markert utoverhengande, går det fram av det bevarte stamnstykket (figur 1). Crumlin-Pedersen (2002: 313) meiner òg Skuldelev 3 er ei *skúta*. *Skúta* er truleg fyrst belagt i eit skaldekvede frå 1130-40-talet (*Heimskringla* III: 327). Sidan det neppe har slumpa slik at vi har fått overlevert den fyrste førekomsten av ordet, kan vi gå ut frå at det er ein god del eldre enn det. Norrøne folk ville derfor venteleg ha kalla småbåtane på Bayeuxteppet, som truleg er frå 1070-talet (Rud 1996: 9), for *skútur*. Det stemmer med Falk sin *skúta*-etymologi at dei har markert utoverhengande stamnar, i motsetnad til dei store skipa.² (Sjå figur 2, jf. Rud 1996: 64-67.) Dét styrker denne forklaringa av *skúta*, jamvel om vi ikkje kan gå ut frå at skips-tradisjonen i Normandie var heilt likeins som i Norden.

¹ Eg nyttar "nynorsk" i tydinga "moderne norsk", til skilnad frå gammalnorsk og mellomnorsk.

² Her kan somme innvende at det kan vera perspektivet som gjer småbåtane små; dei er i bakgrunnen. Men også i mangel på drakehovud skil småbåtane seg frå dei store, og det er påfallande at dei alle tre gjennom markert utoverhengande stamnar skil seg frå dei store.



Fig. 2.
Store skip og lite skip
på Bayeux-teppet.
Etter Rud 1996: 66.

Også blant nyare, norske båttypenemningar er det fleire som karakteriserer stamnforma på båten. Den mest kjende er vel *krumstemning*, som blir brukt om nordlandsbåten av den gamle typen, frå før midten av 1800-talet. Nemninga medar på den krumme, attbøygde stammen. Mest utprega slik er den truleg eldste dokumenterte nordlandsbåten, som er ein ranværing frå 1700-talet, oppmålt og teikna av marinen på midten av 1800-talet. (Figur 3) Fasongen på han kommenterer Eldjarn og Godal slik (1988-90 II: 226): "Noe av det mest karakteristiske med denne båten er de svært krumme lotta og stevnene." Stamnprofilen er det som mest synbert skil han frå den nye nordlandsbåten, som "karakteriseres ved *de rette stevnene*" (Eldjarn og Godal 1988-90 II: 16). (*Krumstemning* er vidt kjent i dag, men kor djupe røter *krumstemning* har i folkeleg tradisjon, skal eg ikkje ta stilling til. Sjå *knørr* nedanfor.) *Stamn*båt er "fellesnamn på alle båtar med om lag loddrette og høgreiste stamnar. S[tamn]båt er i praksis det same som nordanfjelske båtar." (Eldjarn og Godal 1988-90 IV: 184) Nemninga får meining i kontrasten til vestlandsbåtane, som har lægre, meir framstikkande stamnar. Den unge, "listrifiserte" nordnorske robåttypen som liknar vestlandsbåtane, har da,





Fig. 3.
1700-tals
krumstemning /
knørr frå Rana.
Etter Eldjarn /
Godal 1988-90 II:
227.

naturleg nok, fått nemninga *spisse* eller *spissbåt* – han er spiss i stamnprofilen, til skilnad frå nordlandsbåten. (Sett ovanfrå er han ikkje spissare enn andre båtar.) Spissa oppstod som ein forenkla, arbeidssparande type på slutten av nordlandsbåttida. (Som supplement til nordlands-båten, til heimfiske, hamnebåt o.l.) Ei anna stamnkarakteriserande båttypenemning er *stuvstemning*, m., som ein ”Baad med stump Stævn” kunne kallast i Sogn (*Ross*). Nemninga kjem av *stuv*, m., ’stubbe’ / ’stammen på eit tre’, gammalnorsk *stúfr*, m., ’stuv, stump, stubbe, kort stykke’ (*Heggstad*). Avleidd er verbet *stýve* ’hogge toppen av (tre); hogge ned tre’, gammalnorsk *styfa*, ’stýve, stumpe, korte (av), gjere til *stúfr*; hogge, skjere av’ (*Heggstad*).

Knørr

Knørr, m., ’knarr, stort frakteskip’, set Falk fyrst i samband med mellom-engelsk *knarre* ’kvist’, og meiner namnet kjem av at dyrehovudet i stamnen ”muß [...] aus einem Baumknoten gemacht sein” (Falk 1912: 109-10). Også Jan de Vries (1962) og Ásgeir Blöndal Magnússon (1989, under *knör*) set ordet i sam-band med ei ordrot med tyding ’kvist, knute’, men meiner poenget er at det vart brukt kvistut ved i stamnane. Desse forklaringane er ikkje overtydande. 25 år etter *Altnordisches Seewesen* skreiv Falk at namnet er ”arisen from the shape of the prow: thus a Norwegian glossary of about 1700 has *knorr* in the sense ‘prow’ of a boat.” (Falk / Shetelig 1937: 375). Det sluttar seg til noko Falk hadde nemnt i *Altnordisches Seewesen*: Adjektivet *knarrstemnd*, som Aasen hadde frå Helgeland, og som tyder ’tilbagebøiet i Stavnen’. Det fortalde kva stamnform *knørr* hadde hatt, meinte Falk alt i 1912 (Falk 1912: 108-09). Når det kjem til stykket, held Falk likevel fast på ein variant av knorkforklaringa, og meiner *knørr* ”referred originally to a gnarled tree-root used as a prow. This form of prow is found in Gutnish ships ([...] where the figure-head carved in spiral form may have descended from such a gnarled piece of wood).” (Falk / Shetelig 1937: 375) Som Sayers (1996) peikar på, er dette urimeleg fordi det er trasig å skjera i knortut ved. Varenus (1992: 109) føreslår, i ”En randanmärkning beträffande knarr” at ”det verkar troligt att uttrycket har ett onomatopoetiskt ursprung, ljudet av ett träskrov som rör sig i sjön.” Venteleg resonnerer han her ut frå ordrota vi finn i det svenske verbet *knarra* ’knirke, gnispe’. Eg ser ikkje kvifor det skulle knirke meir i ein *knørr* enn i andre skip, og sluttar meg derfor ikkje til framlegget. Sayers går vidare frå knortetydinga av *knørr*. Han meiner ”knobbed, gnarled” viser til ”the nail-studded outer hull of Viking-era craft”. Det skal få meining av at meir saum er synleg på eit høgborða skip som knarren enn på andre skipstypar. (ibid: 283-84). Heller ikkje den forklaringa er overtydande.

Mitt etymologiframlegg tek utgangspunkt i ein ting Falk peika på: At *knarrstemnd* tyder 'tilbagebøiet i Stavnen'. Det viser seg at det over store delar av Norden finst eit ordkompleks som sluttar seg til den tydinga. Ein del av komplekset er to båttypenemningar: *knärr* / *knarr* / *knärrbåt* i svensk Österbotten i Finland, og *knorr* i Nord-Noreg. *Knärrbåtar* i Österbotten er samnemning for *skötbåt*, *lillknärr* og *halvknärr*. (Den siste har atterstamn ulik andre *knärrbåtar*). (Ahlbäck og Bonns 1986: 102) Figur 4 viser ein *skötbåt* (*sköt* er '(strømmings)garn'). Blant dei tinga som særmerker båttypen er "de



krumma stävorna", seier Bonns. "Av det bevarade båtbeståndet att döma hade de äldre en markantare resning, någon gong t.o.m. aningen negativ böj, medan de yngre har en tendens att vara mera utfallande", seier han òg (Bonns 1998: 272-73). Ordforma *knärr* er meir utbreidd enn *knarr* i Österbotten (Ahlbäck / Bonns 1986: 99). "*Knarr* går tillbaka på en fornsvensk motsvarighet til den fornisländska *u*-stammen *knörr*, genit. *knarrar*, medan *knärr* härrör från *u*-stamsparadigmets *ä*-former: isl dativ sing *knerri*, nomin plur *knerrir* och ackus plur *knerri*. Dativ sing *knärr* er belagd i runsvenskan. Etymologiskt sett betecknar *knarr*; *knärr* en båt med skarp krokstam", seier Ahlbäck (ibid). (Kva han bygger etymologien på, skal vi snart sjå.) Ahlbäck tek ikkje steget herifrå til å føreslå same etymologi for vikingtids- og mellom-alder-båttypen *knörr*. Også nordnorsk *knorr* (Hveding 1968) svarar til norrønt *knörr*. Voksteren frå -*qr(r)* til -*órr* ([ur:]) er som i *vqr* (/v*qrr*/?), f. > *vórr*, m. (Troms), 'steinrad, enkel steinkai, attmed stoa'. Ein *knorr* er ein 'Norlandsbåt, serleg båtar som var bygde av gamal type (i Troms fylke). Dei merka seg ut med sterkt krum stamn til skilnad frå helgelandsbåtane", seier Hveding Ein *knorr* blir da det same som ein *krumstemning* (vist i figur 3). Når Hveding set *knorren* opp mot helgelands-båtane, er det mogeleg at den krumme stammen heldt seg lengst i nord. Det er ikkje tvil om at Helgeland òg hadde den typen før.

Til desse båtane og nemningane svarar fleire ord som bygger på stamnprofilen. Det helgelandske *knarrstemnd* 'tilbagebøiet i Stavnen' er nemnt. Frå Kvaløya i Troms er kjent *knorrstemnd* eller *knarrstemnd* 'med stamn som

Fig. 4.
Knärr av typen
skötbåt från
Österbotten. Etter
Ahlbäck / Bonns
1986: 103




Fig. 5.
Jullbåt frå Österbotten.
Etter Ahlbäck / Bonns
1986: 100.

hallar att'. (Jon Godal og Gunnar Eldjarn høyrte av Eyvind Olsen, Bakkejorda, pers. oppl.). *Knorrstemnd* er òg notert frå Nesna. (*Knørrestemt*; gammalnorsk *ō* er gjerne *ø* på Helgeland. Belegget er frå målføresamlinga til Hallfrid Christiansen, kopi ved Universitetet i Tromsø. Det skal vera frå "Forslands ordliste".) I Österbotten er ein *knärrstam* ein 'förstäv som er mycket hög, nästan så att den överst lutar bakåt' og 'båt som p.g.a. stort språng har en alltför högt uppspringande förstäv' (Ahlbäck 1976-, bd. 3). *Knärrstamnare* er 'roddbåt el. lill-båt med hög stäv (mots. flatstamnare)' (ibid). *knärrstamnadbåt* er 'mindre skötbåt, 15-18 fot lång, med hög framstam (som i skötbåt) o. utfallande bakstam (som i julle)' [Österbotten] (Ahlbäck 1976-, bd. 3). Er ein båt *knärrog*, så er han 'trubbig i bak el. framstam [...] har oppstående förstäv (ibid). – Opplysninga om at stammen på *knärren* er så hög, skal visst sjåast i høve til den andre hovudtypen av Österbotten-båtane, nemleg *jullbåtar* (jf. Ahlbäck / Bonns 1986: 99), som knapt har spring i det heile. Sjå figur 5. *Knärrar* flest har ikkje høgare stamn enn den som er vist i figur 4, seier Bonns (pers. oppl.).

Mest opplysande om rota vi finn i *knarr*-osb., er kanskje dei tydingane som gjeld andre ting enn båt. Frå Agder har Ross eit adjektiv *knerren* / *knerr*, med tydinga 'kneisende'. Det svarar til *knarr* = *knär* 'rak, styf i nacken; som bär hufvudet högt' i svenske dialektar (Rietz 1962 / *Svenska Akademiens ordbok* bd. 14). I finlandssvenske dialektar tyder hankjønnsordet *knärr* 'styvhet i nacken, vilket gör att man går med huvudet bakåtspänt' (Ahlbäck 1976-, bd. 3). Den som er slik, er ein *knärrnacke* og er *knärrnackog* eller *knärrog*. Frå Agder har Ross eit adjektiv *knerrhava* 'om Meder og Skier med bratt opadstaaende "Hav" [= brett]'. Utan heimfesting har Ross hankjønnsordet *knerre* 'Person med stram Holdning' og verbet *knerra* 'stramme Nakken og trække Hagen ind og derefter reise Hovedet; kneise'. I islandsk finst adjektivet *knarreistur* = *hnarreistur* 'knejsende' (Sigfús Blöndal 1920-24). Frå Øvre Dalarna er notert eit verb *knärta* 'sätta näsan i vädret och se högfärdig ut' og eit adjektiv *knerrut* 'högfärdigt, stramt' (Levander / Björklund 1980). Verbet *knärta* er i Österbotten brukt 'om djur el. människa: sträcka (på nacken)' (ibid). Uttrykket *knärta nacken* er 'om människa: sätta näsan i vädret, vara stolt el. högfärdig' (ibid). Verbet *knärta* blir òg brukt 'i förb. med upp, om

skospets [...] o.d.: vara starkt oppbøyd, krøka sig uppåt' (ibid). Ein *knärrkälke* har "högt oppböjda mednosar" (ibid). Frå Andøya har Hallfrid Christiansen notert overført tyding *knarrvoren* 'sur og tverr' (Den nemnde målføresamlinga).

Det ser ut som vi har å gjera med eit ordkompleks med grunntydinga 'attbøygde (om nakke og båtstamn)'. Det skulle vera kurant å forklare *knørr* ut frå det, som 'båt med attbøygde stamnar'. Som vi har sett, høver det både på den nordnorske *knorren*, som jo vart kalla *krumstemning*, og på den finlandssvenske *knärren* / *knarren*. Det ser også ut til å høve på det norrøne havskipet (kalla *knørr*), i alle fall tidleg i mellomalderen. På Skuldelev I, som blir rekna som ein *knørr* (kor godt grunnlaget er for det, skal eg ikkje gå inn på her.), er øvre del av stamnane dessverre ikkje bevarte. Men 70 % av skroget elles er bevart, og gjev grunnlag for slutningar. Om stamn-rekon-struksjonen seier Crumlin-Pedersen: "Here the tumble home and the full lines of the upper part of the planking at both ends indicate that this ship would probably have had robust, short stem-tops." (2002: 139) På grunnlag av det + det helgelandske *knarrstemnd* + skipsgraffiti frå 1100-talet (særleg figur 6), rekonstruerer Crumlin-Pedersen Skuldelev I som vist i figur 7. Her bør det seiast at også den *knerrstemnde* båten i figur 6 (skipsgraffitien) har *høg* stamn, så eg veit ikkje om det er grunnlag for den låge stamnen på Skuldelev I- rekonstruksjonen. Dét har likevel ikkje noko å seia for poenget mitt her, som er attoverbøyggen. Skuldelev I er elles frå midten av 1000-talet (ibid: 134-37). Det bør seiast at stemninga på ein *knørr* kan ha fjerna seg frå det etymologiske opphavet etter den tida, slik at *knerrir* ikkje nødvendigvis var *knerne* på 12-1300-talet. Korleis dei var stemnde da, må finnast ut på andre måtar.

Problemet er ikkje løyst med dette, for der ser ut til at *knørr*-tydinga 'frakteskip' skriv seg frå tidleg mellomalder og at nemninga opphavleg tydde noko anna. Frakteskipstydinga finn vi i prosaen i sogene frå 12-1300-talet, medan *knørr* i dei vanlegvis mykje eldre skaldekveda som følgjer prosaen, blir brukt annleis. Malmros, som har granska skipsopplysingane i skaldekveda, seier at "Ordet *knørr*, "knarre" betyder i det tiende århundredes




Fig. 6.
Skipsstamnar frå
Fortun / Fantoft
stavkyrkje, som er
frå 1100-talet. Etter
Crumlin-Pedersen
2002: 138.




Fig. 7.
Skuldelev I, den såkalla
«Skuldelev-knarren».
Etter Crumlin-Pedersen
2002: 124.

skjaldedigting i alle klart karakteriserende eksempler et kripsskip. I denne betydning er det også optaget som låneord i angelsaksisk digtning, hvor *cnear* og *nægled-cnear* betegner et skandinavisk vikingeskib. I Summarium Heinrici fra omkring år 1000 bruges det i formen *gnârrum* som oldhøjtysk oversættelse af det latinske *miaporo* "sørøverskip". Ikkje før på 1000-talet tek skaldane til å bruke *knōrr* også om handelsskip, seier Malmros (1986: 103). Etter å ha studert det same materialet som Malmros, kjem Jesch fram til om lag det same: "in early usage, the meaning [of *knōrr*] was not restricted to 'cargo ship' or 'ocean-going vessel' (Jesch 2001: 132) Men medan Malmros ser ut til å meine at *knōrr* vart brukt berre om krigsskip før år 1000, meiner Jesch at nemninga den gongen kunne brukast både om frakteskip og krigsskip. Varenius bygger mest på dei svenske runesteinane som nemner *knōrr* (*knari*, *kniri*, sjå fotnote 3), og meiner nemninga der ikkje blir brukt særskilt om handelsskip (Varenius 1992: 107-09, jf. s. 105). Han meiner derfor at "Den stringenta terminologi man söker i källorna är [...] fiktiv. Följaktligen har det heller inte existerat en särskild skeppstyp "knarr", bara skepp som ibland benämnts så." (Varenius 1992: 109) Forslaget verkar vel drastisk. Løysinga kan vera at:

1. Nemninga *knōrr* opphavleg medar på at stamnane på *knōrr*en var attbøygde. At *knorr* i Nord-Noreg og *knarr* (*knärr*) i Österbotten blir brukt om små fiskebåtar og ikkje havgåande frakteskip, enda desse nemningane formalt er identiske med *knōrr*, tyder på at det var slik. Det formale samsvaret, men skilnaden i tyding, tyder på at nemninga i utgangspunktet medar på eit særmerke uavhengig av lasteevne og havførleik. Dersom *knōrr* opphavleg tyder 'skip med attoverstamn', er t.d. Osebergskipet, dei fleste (store) skipa på Bayeuxteppet og den vanlegaste skipstypen på Gotlands-steinane *knerrir* (Figur 2 og 8). I så fall er det ikkje rart at *knōrr*³ blir brukt om krigsskip på svenske runesteinar.
2. Nemninga *knōrr* vart etter kvart knytt til det store, havgåande

³ Rettare sagt: Ei gammalsvensk form som svarar til *knōrr*. Nominativen er ikkje belagd, berre dativ *knari*, *kniri*, 6 belegg. Sjå Jesch 2001: 128-29.




Fig. 8.
Biletstein frå Henjum
Riddare på Gotland.
Etter Nylén 1978.

frakteskipet fordi det hadde slik stamnform, medan ein slutta med det på andre skipstypar. Båtbyggarteknisk er det lettare å få til slikt breitt og rundt framskip som lasteskipa skulle ha når framstammen er *knærren*, eller i alle fall bratt. (Meiner båtbyggar Terje Planke, munnl. oppl. At knarrane gjerne var breie og rundvorne, går elles fram av tilnamnet *Knarrarbringa*, som to islandske sogekvinner skal ha hatt [Falk 1912: 109]. Slik kan vi rekne med at det var frå 8-900-talet av, sidan Torbjørg Knarrarbringa levde da [*Landnámabók*: 130, 161, 163]).

Ovanfor nemnde eg ikkje at *knarr* i Nyland i Finland (ved Finskebukta) blir brukt om 'større ekstock, anv. att forsla hö med' (Ahlbäck 1976-, bd. 3). Eg har ikkje hatt høve til å undersøke stokkbåtane nærare, men ei mogeleg forklaring av nemninga kan vera at mange stokkbåtar er butte og runde i stamnprofilen. Til dømes den danske som er vist i figur 9 minner ein del om *knærren* som er vist i figur 4. I svenske målføre er *knarr*, m., ein 'liten farkost att fara öfver en elf med' [Rietz 1962 utan heimfesting] og eit hankjønnsord *knórr* 'liten trågformig båt eller eka' N[ärke]. (Qvistbro). (ibid, siste tyding også i *Svenska akademis ordbok* bd. 14). Eg har ikkje undersøkt dei båttypene.




Fig. 9.
Dansk stokkebåt
teikna i 1840. Etter
Crumlin-Pedersen.
1997: 156.

Stamnkontrast og geitbåt

Når det var så skarp stamnkontrast mellom båtar som Skuldelev 3 (figur 1) og slike som i figur 6, har *knørr* 'skip/båt med attbøygd stamn' vori ei svært råkande nemning. Eit slikt kontrastpar finn vi i båttradisjonen frå Ryfylke, der *kroppstemnd* er det motsette av *dragstemnd* (notert av Ross). *Kroppstemnd* blir brukt "om Fartøier: med Stavnen

stærkt opadbøiet; sammentrængt, modsat "dragstemnd". [...] Til kroppen, kreppa." *Kroppen* er = *kruppen* og er perfektum partisipp av det sterke verbet *kreppa*. Ross fører opp som døme: "Ljaa'n stænde kruppen i Orve" – altså litt attoverkrøkt. Å *kreppa* er å 'krumme'. Ein *kroppstemnd* båt skulle dermed kunne kallast *krumstemning*. At skilnaden ikkje er stor til adjektivet *knerren*, ser vi av adjektivet *krepp* "hovmodig = kaut" (Ross) – for det går vel på haldninga til den kaute. *Dragstemnd* blir brukt om det motsette av *kroppstemnd*, nemleg "om Baad: med lang liggende Stevn. [...] En slig Baad kaldes spøgende en "Glytt-før-Nes". Det siste bygger venteleg på den tanken at stammen stikk så langt føre båten at han kan "gløtte rundt neset" før ein sjølv er kommen så langt. Sjølv ordet *dragstemnd* kjem vel helst av *drag*, n., i tydinga 'skåk, skøkul'. Skåka på sleden er jo nettopp "noko langt og smalt som er framom" (Jamfør *ranstemnd* nedanfor.), og både skåka og stammen peikar *opp* framover. At skjæker er beine (sett frå sida), gjev òg den klåraste motsetnaden til *kroppstemnd*. Frå Bindalen på Sør-Helgeland er kontrastparet *kroppen* : *retten* kjent (Gunnar Eldjarn høyrte av Einar Bangstad, pers. oppl.). Eit kontrastpar av same typen finn vi truleg i eit diplom frå 1365. Kong Magnus Eiriksson skriv til bøndene i Sandin skipreide i Vestfold og gjev dei løyve til å bygge mindre leidangsskip enn før. Dei står fritt til å ha det *buttu stæmfnt* eller *holka stæmfnt* (*Diplomatarium Norvegicum* II: 305⁴). Som Storm / Hertzberg peikar på, kan "*buttustefndr* [...]" neppe være andet end feilskrift for **butzustefndr* el. **buzustefndr*⁵, d.e. med stavnsom en *buza* (i gml.-svensk tildels skrevet butza" (*Norges gamle Love* V: 293). Det meiner også Falk (1912: 88) og Hødnebo (Fritzner IV, under *buttustefndr*). I så fall kontrasterer diplomskrivaren stammen på ei *búza* mot stammen på ein *holkr*.⁶

Kvifor heldt nemningane *knarr* / *knärr* og *knorr* seg i Österbotten og i Nord-Noreg? Eit element av konservatisme har det vel vori, både i språk og

⁴ Diplomet står òg i *Norges gamle Love* IV: 381-82. Der står det *butta stæmfnt* (med a), men i bind V (s. 293) er opplyst at det er ein prentefeil.

⁵ Falk skriv *buzu*, med kort vokal, men av nylandsk *bússa* går det fram at det var lang vokal, altså *búza*.

⁶ Kva slutning ein av det kan trekke om *búza*, vonar eg å få skrivi om seinare.




Fig. 10.
Geitbåt frå Nordmøre.
Etter Færøyvik 1987: 88

båtbygging. Men eg trur det òg har vori viktig at nemningane har vori råkande gjennom kontrast til andre båttypar. Dét er slåande når ein jamfører dei to hovudbåttypane som österbotnisk tradisjon etter Ahlbäck og Bonns har (1986: 99), *knärrbåtar* og *jullbåtar*. Ein "roddjulle, *lillbåt*" (ibid: 100) er vist i figur 5. Kontrasten til stemninga på *knärrbåten* som er vist i figur 4 er markant.

I det nordafjelske Noreg var det, etter alt å døme, ein slik stamnkонтраст mellom den nordnorske *knorren* og båten i det tilgrensande distriktet sunnafor. *Dragstemnde* båtar er i dag typiske for Vestlandet nord til og med Nordmøre. Sjå figur 10, som viser ein nordmørsbåt, oftast kalla *geitbåt*. Men som Jon Godal peikar på, viser prospekt av Trondheim frå 16-1800-talet småbåtar med skap som nordmørsbåtar. Godal meiner derfor at det den gongen var slike båtar som vart brukt i Trøndelag, og at den åfjordsbåten (trøndelagsbåten) vi kjenner, med høg, tilnærma loddrett framstamn, kom til ikring 1800 (Godal 2001: 24-26, 29). Ser vi da på kontrasten mellom stamprofilen i figur 3 (*knorr*) og 10 (*geitbåt*), har det legi nære å nemne nordlandsbåten etter den kjerne *stammen*, og kalle han *knorr*. Eller, (truleg) rettare sagt: Å ikkje *slutte* med å kalle ein båt med slik stemning for det. Kontrasten til trøndelagsbåten aktualiserte stadig den opphavlege tydinga av *knorr*. Dette tyder på at stamnkонтраст mellom Trøndelag og Nord-Noreg var kommen opp alt i mellomalderen, kanskje jamvel høgmellomalderen. Fordi *knorr* formalt er identisk med gammalnorsk *knōrr*, kan ikkje nemninga *knorr* = 'knerren båt, krumstemning' (om nordlandsbåt) kan ha oppstått etter at *knōrr* andre stader hadde fått den generelle tydinga 'lasteskip'. Når *knorr* fram til vår tid er vorti brukt om ein båt som er *knerren*, men som ikkje er lastebåt, så må det vera ubrotten tradisjon frå før *knōrr* fekk "spesialtydinga" 'lasteskip'. Ein *knerren* småbåt ser vi elles på ein bilestein frå vikingtida, frå Hørðum i Danmark (Avbilda hos Varenus 1992: 89).

Korleis høver så nemninga *geitbåt* i dette biletet? Ut frå kontrasten til nordlandsbåten og nemninga *knorr*, skulle ein vente at *geitbåt* òg viser til stemninga. Det meiner eg det gjer. Klepp forklarar nemninga *geitbåt* ut frå eit adjektiv *geiten*, som i Inn-Trøndelag blir brukt om båtar med framstamn som "heller mer forover enn vanlig". Slik stamn har *geitbåten*, og derfor heiter han *geitbåt*, meiner Klepp. Nordmørsbåten har "i likhet med de andre




Fig. 11.
Geitbåt frå Nordhordland.
Etter Færøyvik 1987: 88.

vestlandsbåtene godt utfallende stevner”, og er dermed *geiten* i høve til åfjordsbåten, som har om lag loddrett framstamn. Men i høve til nordlandsbåten, som har attoverhallande framstamn, er åfjords-båten *geiten*. (Klepp 1983: 70-71) (Akkurat den tydinga av *geiten* som Klepp nemner, er det berre han som har. Men den nærståande tydinga ’med slik stamn som *geitbåten* har’, kjenner også Gunnvald Bøe frå Nordmøre [pers. oppl.]). Det siste (at åfjordsbåten er *geiten* i høve til nordlandsbåten) er ikkje overtydande, men så er det heller ikkje nødvendig når ein tek med at Trøndelag truleg hadde *geitbåt* til innpå 1800-talet. Da høver forklaringa godt: *Geitbåten* heiter *geitbåt* fordi stamnen på han hallar fram, i motsetnad til ”naboen” nordlandsbåten, som er *knerren* – eller rettare sagt: Som var *knerren* da nemninga kom til. (Den nye nordlands-båten er ikkje eigentleg det.) Den same nemningstankegangen såg vi ovanfor i nemninga *spisse* / *spissbåt*. (At den nemninga og båttypen kom til da nordlandsbåtstamnen ikkje lenger var særleg *knerren*, gjer ingen skilnad.) Nemningane på tømmerrustning for hest (dei stutte sledane dei drog fram tømmer med, éin framme og ein atte), kan støtte geiteresonnementet eg set fram her. Forsleden blir kalla *bukk*, medan ettersleden blir kalla *geit*. ”Det er den ulike forma på meiane som gjer denne nemninga slåande”, peikar Jon Godal på (e-post 17.2.03). *Bukken*, som brøyter, har markert oppbøygde meiar, medan *geita*, som glid i sporet etter *bukken*, har låge, framstikkande meiar.

Kva med adjektivet *geiten*, korleis kan det forklarast? Det like adjektivet *geiten* ’rik på geitved (om tømmer)’ (*Ross*) eller ’stiv (om ull)’ (*Aasen*) høver ikkje. Det gjer heller ikkje *geit* ’kvinnebryst’, sidan det ikkje er *geitbåten* som er rund i profilen, men *knorren*. Ser ein derimot *geitbåt* som ei jamføring av profilen på båten med profilen på geita, så høver det betre, med di den lange halsen blir oppfatta som særmerkt for geita. Ein hest som er smal i halsen kan kallast *geithalsa* i norske målføre (*Aasen*), *gethalsog* (utt. -ei-) i finlands-svenske (*Ahlbäck* 1976-, bd. II). I Dalarna i Sverige kan *gethals* tyde ’alltför smal o[ch] svank hals (på häst el. person)’ (Levander / Björklund 1980). I nordafjellsnorsk tradisjon heiter det *geithals* når seglet (halsen) ikkje er godt nedåt på ein råbåt. Ut frå same tankegangen kan det vera på grunn av det særmerkte ”framstikket” på geita at båten som har særmerkt framstikk blir kalla *geitbåt*. Her skal ein merke seg at også *knarr* / *knorr* kan oppfattast som

ei jamføring med ein hals av kjøtt og blod (jf. *knarr* / *knerren*-komplekset ovanfor.). Geita stikk den lange, granne halsen sin fram, medan eit menneske som *knerrer* gjer det motsette. Liknande tankegang finn vi i nemninga *ranstemnd*, som på Sunnmøre blir brukt om båt "med fremstikkende Stævn" (Ross, tillegg III). Ross set det i samband med verbet *rane* ("Han rane so fram yve Sjø'n dinne Baat'n".) og hankjønnsordet *rane*, m.a. 'Pynt, Spids, fremragende Klippe' (Nordhordland) og 'Ring at sætte i Trynet paa Sviin'. *Aasen*). Men *ranstemnd* er nok så gammalt at det er avleidd av *rane* i den gammalnorske

tydinga (*rani*): 'tryne, snute (på svin og ormar)' (*Heggstad*). Da blir ein smal, framhallande stamn jamført med hovudpartiet på eit dyr som er smalt der, og det blir da ein parallell til *geiten* slik eg tolkar det. Også det nemnde "Glytt-før-Nes" stemmer med den tolkinga av *geiten*, for skal stamnen kunne "gløtte rundt neset", så må det tenkjast eit hovud der framme, som om stamnen er eit dyrehovud. Det kan ikkje utelukkast at den tanken har rot i hovudskipa i mellomalderen. Som vi har sett, tyder sjølve det at *knorr* har overlevd i tydinga '*knerren* båt' på at motsetnaden *knorr* : *geitbåt* var kommen til i høgmellomalderen. Da kan ein spørja om adjektivet *geiten* vart laga i den tida det enno fanst dyrehovud i framstamnen på skipa. I så fall ville det vera veldig naturleg å jamføre stamnen med hovudpartiet på eit dyr når ein skulle karakterisere skipsstamnen. Korleis det enn er med dette, kjem eg fram til at *geiten* båt opphavleg er ein båt 'med stamn som stikk fram slik geit-halsen gjer'.

Det er ikkje berre nordmørsbåten som blir kalla *geitbåt*. Også båten frå fjordane i Nord-hordland blir det, *geitabåt* (Færøyvik 1987: 87, 137-38, Høyland 2000: 18), og i tillegg vart det sagt "om vestlandsbåtar på Sørlandet" (Færøyvik 1987: 138). *Geitbåt* om nord-hord-lands-båten (Figur 11) kan kanskje òg forklarast med at han er *geiten*, for det er han i høve til sognebåten (figur 12). Problemet er at kontrasten ikkje er så skarp og at *geitbåt* etter tradisjonen blir brukt om nord-hord-lands-båt til skilnad frå oselvaren, på *sørsida*. Det er òg eit problem at nord-hord-lands-båten og sognebåten faktisk ikkje har tilgrensande bruksområde – fram mot vår tid har nord-fjords-båten rådd både i Ytre Sogn og i Ytre Nordhordland. Men dersom vi snakkar om ei fleire hundre år gammal nemning, og det gjer vi truleg, kan mangt ha vori annleis da nemninga vart teken i bruk. Dersom vi tenkjer oss at nordhord-landsbåten før var noko meir *geiten*, slik som "naboen" på sørsida, oselvaren, så ville han råkande kunne kallast *geitbåt* til skilnad frå sognebåten. Og




Fig. 12.
Sognebåt frå 1850.
Etter Færøyvik 1987: 97.

dersom han seinare vart stemnd meir i retning av sognebåten, så fjerna han seg med det frå oselvaren, og da ville *geitbåt*-nemninga kunne overførast til *den* motsetnaden – særleg da nordfjordsbåten kom nordfrå og braut kontakten mellom nordhordlands- og sognebåten. Dette er sjølvstekt spekulasjon, men det burde vera mogeleg jamvel om det går eit byggeteknisk skil mellom oselvaren og båtane lengre nord. At dei nordlege båtane kan vera utprega *geitne*, ser vi av t.d. nordfjordsbåten og nordmørsbåten. – *Geitbåt* om vestlandsbåtar sett frå Sørlandet er det vanskeleg å ta stilling til så lenge vi ikkje har meir presise opplysningar om det.

Som mange kjenner til, vart *geitbåt* mange stader oppfatta som utnamn (jf. Klepp 1983: 69, Færøyvik 1987: 137-38). Den bruken trur eg er sekundær, jamvel om *geit* blir brukt spottande om både menn og kvinner i norrøne kjelder (sjå døme hos *Fritzner*). For ein kan vanskeleg seia at det ligg nærare å spotte nordmørsbåten enn andre båtar, så god ein båt som han er. Jamføringa av stamnen og ei geit er vel derfor i utgangspunktet nøytral, vald fordi ho er råkande, slik det er råkande å seia om ein båt med slikt skap at han er *ranstemnd*. At folk seinare vrid på det for å få til spott, er ikkje noko spesielt.

Eit anna interessant spørsmål er kvifor folk valde så ulike stamnform i dei ulike distrikta. Når det gjeld knarrane i mellomalderen, kan det ha med konstruksjonen å gjera – det skal vera lettare å leggja ut kjakane på skipet når stamnen er bratt eller *knerren*. Men at grannar vel stikk motsett stemning på like store båtar til same bruk, krev andre forklaringar.

Litteratur:

- Ahlbäck, Olav, 1976-: *Ordbok över Finlands svenska folkmål*. (Tre band til no.) Forskningscentralen för de inhemska språken. Skrifter 1. Helsingfors: Forskningscentralen för de inhemska språken
- Ahlbäck, Olav og Bertil Bonns, 1986: "Båtar och båttyper i Kvarkens båtmuseum". *Västerbotten* 2-86. 98-107
- Ásgeir Blöndal Magnússon, 1989: *Íslensk orðsifjabók*. Reykjavík: Orðabók Háskólans
- Bonns, Bertil, 1998: "Bruksbåtar vid Norra Kvarken". I Sibylla Haasum og Ingrid Kaijser (red): *Människor och båtar i Norden*. Sjöhistorisk årsbok 1998/1999. Stockholm: Föreningen Sveriges sjöfartsmuseum i Stockholm. 268-277
- Crumlin-Pedersen, Ole, 2002: "Description and analysis of the ships as found" og "Historical background for the ships and the barrier." I Ole Crumlin-Pedersen og Olaf Olsen (red.): *The Skuldelev ships* I. Roskilde 2002. 97-338
- Crumlin-Pedersen, Ole, 1997: *Viking-Age ships and shipbuilding in Hedeby/Haithabu and Schleswig*. With contributions by Christian Hirte, Kenn Jensen and Susan Möller-Wiering. Ships and boats of the North 2. Schleswig: Archäologisches Landesmuseum der Christian-Albrechts-Universität
- [*Diplomatarium Norvegicum* II]. *Diplomatarium Norvegicum. Oldbreve til Kundskab om Norges indre og ydre Forhold, Sprog, Slægter, Sæder, Lovgivning og Rettergang i Middelalderen*. Anden samling. 1851-1852
- Eldjarn, Gunnar og Jon Godal, 1988-90: *Nordlandsbåten og Åfjordsbåten* I-IV. Dei gamle forsto mykje I. Bind I og III: Lesja: A. Kjellands forlag. Bind II og IV: Rissa: Båttikka D/A Færøyvik, Øystein, 1987: *Vestlandsbåtar. Frå oselvar til sunnmørsåttring*. Norske båtar 5. "Ei bok bygd hovudsakleg på granskingsarbeid som Bernhard Færøyvik let etter seg." Oslo: Grøndahl & søn forlag A.S.
- Falk, Hjalmar, 1912: "Altnordisches Seewesen". I *Wörter und Sachen* bd. 4. Heidelberg: Carl Winter. 1-121. Jamfør Falk 1995
- Falk, Hjalmar, 1995: *Fornnordisk sjöfart* ("Altnordisches Seewesen"). Översättning av Bo Varenius. Skärhamn: Båtdokgruppen, 1995
- Falk, Hjalmar og Haakon Shetelig, 1937: "Sea-faring". I *Scandinavian Archaeology*. Oms. E. V. Gordon. Oxford: Clarendon
- Fritzner, Johan Fritzner: *Ordbog over det gamle, norske Sprog* I-III. Oslo 1973 (1. utg. 1867). Bind IV, "Rettelser og tillegg", utg. Finn Hødnebo, Oslo 1972
- Godal, Jon, 2001: *Tre til båtar*. Oslo: Landbruksforlaget
- Heimskringla* I-III. Snorri Sturluson. Bjarni Aðalbjarnarson gaf út. Íslenzk fornrit 26-28. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag, 1941-51
- Høyland, Arne, 2000: *Plan for vern av kystkultur i Nordhordland. Den regionale biotopen*. Delrapport til *Om kulturvern ved kyst og strand*. Norsk museumsutvikling 4: 2000
- Hveding, Johan, 1968: *Håløygsk ordsamling*. Bodø: Nordland boktrykkeri
- Jesch, Judith, 2001: *Ships and Men in the Late Viking Age. The Vocabulary of Runic Inscriptions and Skaldic Verse*. Woodbridge: Boydell Press
- Klepp, Asbjørn, 1983: *Nordlandsbåter og båter fra Trøndelag*. Norske båtar 4. [Oslo?]: Grøndahl & søn forlag A.S.
- Landnámabók*. I *Íslendingabók. Landnámabók*. Jakob Benediktsson gaf út. Íslenzk fornrit 1. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag, 1968. 31-397
- Levander, Lars og Stig Björklund, 1980: *Ordbok över folkmålet i Övre Dalarna*. Andra bandet. Uppsala: A. B. Lundequistska bokhandeln
- Malmros, R., 1986: "Leding og Skjaldekvald". *Aarbøger for Nordisk Oldkyndighed og Historie* 1985. Det kongelige Nordiske Oldskriftselskab. 89-139

- Norges gamle Love indtil 1387*, I-V. Udgivne ved R. Keyser f. fl. Christiania 1846-1895
- Nylén, Erik, 1978: *Bildstenar*. Visby
- Rietz, Johan Ernst, 1962: *Svenskt dialekt-lexikon. Ordbok öfver svenska allmoge-språket*. Fotolitografisk reproduktion av uppl. 1862-1867 v/Sven Benson. Lund: Gleerup
- Ross, Hans, 1971: *Norsk ordbog. Tillæg til "Norsk Ordbog" af Ivar Aasen*. Optrykk av fyrste-utgåva frå 1895. Oslo: Universitetsforlaget
- Rud, Mogens, 1996: *Bayeux-tapetet og slaget ved Hastings 1066*. 3. udgave, 3. oplag. København: Christian Ejlers forlag.
- Sayers, William, 1996: "The Etymology and Semantics of Old Norse *kn\$rr* 'cargo ship'. The Irish and English Evidence". *Scandinavian Studies* volum 68, nr. 3. 279-290
- Sigfús Blöndal, Björg Þorlákssdóttir Blöndal, Jón Ófeigsson, Holger Wiehe, 1920-1924: *Íslandsk-dansk ordbog*. Reykjavík: I kommission hos Verslun Þórarins B. Þorlákssonar [Svenska akademien ordbok]. *Ordbok över svenska språket. Utgiven av Svenska akademien* 14. Lund 1937
- Varenius, Björn, 1992: *Det nordiska skeppet. Teknologi och samhällstrategi i vikingatid och medeltid*. Stockholm studies in archaeology 10. Stockholm: Stockholms universitet
- Vries, Jan de, 1962: *Altnordisches etymologisches Wörterbuch* 2. verbesserte Aufl. Leiden: E.J. Brill
- Aasen, Ivar, 1983: *Norsk Ordbog*. Sjette Udgave. Fotografisk optrykk av 1873-utgåva. Oslo: Fonna forlag

Summary

The article presents an philological approach towards the origin of names on different small craft, based on the profile and shape of the prow.